

Årsmelding Varhaug sokneråd 2025

Innkalling til kyrkjelydsmøte
8. mars 2026



Innhald

Innkalling til kyrkjelydsmøte	s. 4
Året som gjekk	s. 5
Statistikk	s. 10
Arbeid for familiar, barn og unge	s. 11
Statistikk avgrensa tiltak	s. 19
Barnehage/skule – kyrkje samarbeid	s. 20
Diakonalt arbeid	s. 22
Varhaug sokneråd	s. 24
Utval	s. 25
Tilsette	s. 26
Fast gjevarteneste	s. 28

Innkalling til kyrkjelydsmøte i Varhaug sokn

Dato: 08.03.2026

Tid: Umiddelbart etter gudstenesta

Stad: Varhaug kyrkje

Sakliste:

- Val av to til å signera protokoll for kyrkjelydsmøtet
- Årsmelding

Andre saker må være meldt til dagleg leiar på e-post
turid.boganes@hakyrkja.no innan 20. februar.



Året som gjekk

Året 2025 har vore eit spennande og variert år. På dei neste sidene vil du få eit lite innblikk i noko av det som har skjedd. Det er med stor glede og forventning me no møter eit nytt år.

Stokkalandsmarka

Januar 2025 overtok Varhaug sokn ansvaret for arbeidet i Stokkalandsmarka. I årsmeldinga vil det difor i år og vera med tiltak som skjer i Stokkalandsmarka som babysang, småbarnssang og



Barseltapas. Hå kyrkjelege fellesråd saman med Stavanger bispedømmeråd arbeidar framleis med å finna gode løysingar for den formelle tilknytninga til Varhaug sokn, men i det daglege arbeidet er det no Varhaug sokn som betjener medlemmane i Stokkalandsmarka.

Fokusområder

Soknerådet har gjennom året fortsatt arbeidet med fokusområda som ein sette seg i 2023.

Kvardagsmenighet: Leggja til rette for at medlemmane i kyrkjelyden kan få eit fellsskap i kvardagen.

Musikk: Eit meir variert musikask uttrykk på gudstenestane i kyrkjelyden.

Konfirmantarbeid: Behalda god oppslutning kring konfirmasjon i kyrkja.

Kyrkjestova: Gjera kyrkjestova meir teneleg for arbeidet som skjer i kyrkjelyden.

Kvardagsmenighet

Det skjer mykje spennande og variert i kyrkjelyden i vekedagane. Kyrkjelydsarbeid er mykje meir enn gudsteneste søndag kl. 11.00. Det er dansegruppe for 3.-5. klasse, det besøk til eldre, konfirmantarbeid, speidararbeid, baby- og småbarnssang, barseltapas, temakvelder og dåpssamlingar for å nemna noko.



Nytt i år er *Barseltapas* som hadde si første samling våren 2025. Det har gjennom året vore totalt fem samlingar kor målet er å leggja til rette for møteplassar for heimeværande og ein stad kor ein kan knytte nye bånd og dela eit måltid saman. Barseltapas er drevet av frivillige og har samlingar i menighetshuset i Stokkalandsmarka.

Ein har og forsatt satsinga på ulike temakveldar. Det har vore god oppslutning på temakveldane, og det har vore varierte tema. Me er svært takksame for dei som bidreg desse kveldane og ein planlegg nye kveldar med ulike tema i 2026. Temakveldane i 2025 var:

- 5. februar – Når livet utfordrar. Ulike tap og sorg.
- 19. mars – Dei vanskelege spørsmåla.
- 13. mai – Allsangkveld med Jæren kammerkor
- 17. september – Våre Lutherske røtter.
- 29. oktober – Hjartepuls. Lovsangs- og delekveld.
- 12. november – Gjennom smerten.

Musikk

Varhaug kyrkjelyd er ein syngjande kyrkjelyd – det er veldig god sang på gudstenestane. Jæren kammerkor fungerer i praksis som eit kyrkjeor for Varhaug kyrkjelyd så lenge dirigenten òg er kantor her. I 2025 deltok dei på tre gudstenester og sangarar frå koret var òg med som «medsangarar» på konfirmasjonsgudstenestane.

Gjennom året har stab arbeida med å ha med ulike musikalske krefter på gudstenestane. Ein ser at det ikkje alltid er like enkelt å engasjere frivillige i dette arbeidet, men det er eit ynskje å få danna ei gruppe som kan bidra med speling på ulike instrument særleg på familiegudstenestane.

Barn frå Gloria og B-tweens er ofte med som forsangarar på familiegudstenestane og dette er ein stor ressurs. Likevel er det krevande å spørja frivillige frå gong til gong til å bidra på til dømes trommer, bass og gitar. Draumen er at det hadde vore ei fast gruppe som spelte saman, og som kunne bidra på enkelte gudstenestar fast for å få eit meir variert musikalsk uttrykk.



Kantor prøver gjennom sitt arbeid i kulturskulen å få kontakt med aktuelle i den yngre garde, og har òg hatt med nokre av pianoelevane på familiegudstenestar der dei har fått prøve å spele til allsang på både piano og orgel. Responsen frå elevane er at dei heller vil spele på gudsteneneste enn på elevkonsertar, så ta vel imot dei når dei deltek framover også!

I løpet av året har det og vore to kveldar med ulikt musikalsk uttrykk i samband med temakveldane i kyrkja; Allsangkveld med Jæren kammerkor og Hjartepuls. På begge kveldane var det godt oppmøte og god respons.

Konfirmantarbeid

Målet om å behalda ei god oppslutning kring konfirmasjon i kyrkja er eit mål som kan vera litt vanskeleg å gripa an. Det er mange ulike faktorar som påvirker oppslutninga til konfirmasjon, men soknerådet har gjennom året arbeida med visjonar og mål for konfirmantarbeidet saman med kateket og ungdomsarbeidar. Våren 2026 skal ein gjennomføra ei spørreundersøking blant konfirmantar og føresette for å lytta til kva dei opplever som bra og kva dei tenker me kan bli betre på.



Me er svært takksame for alle som opnar heimane sine for konfirmantane i heimegrupper om våren. I 2025 var det 7 heimar på Vigrestad og 6 på Varhaug som tok imot konfirmantar i heimegrupper. Å få vera i mindre grupper, heime hos frivillige i kyrkjelyden veit me av erfaring set spor hos konfirmantane. Dette er eit arbeid me ynskjer å halda fram med – og me vil oppfordra heimar til å delta i dette arbeidet.

Me er og takksame for at gjevartenesta er god nok til at me framleis kan ha ungdomsarbeidar i 10%. Denne stillinga er ein stor ressurs i konfirmantarbeidet. Det er veldig godt å ha ein person til som ser konfirmantane når dei kjem, som blir kjent med dei gjennom året og som kan vera eit førebilete for konfirmantane. Denne stillinga er fullfinansiert av gjevarteneste og håpet er at gjevartenesta kan auka i takt med lønnsveksten.

Kyrkjestova



Gjennom 2025 har ein komite sett på muligheten for å byggja ut kyrkjestova. I haust konkluderte denne komiteen med at det ikkje vil vera mogeleg, eller i alle fall svært krevande, å få lov å byggja kyrkjestova ut mot gravplassen. Difor avslutta komiteen arbeidet med å få til ei utbygging og byrja å sjå på korleis ein kan utnytta lokalet på ein betre måte. Dette arbeidet resulterte i at ein bestilte inn ståbord. I romjula vart nye ståbord montert og sett på plass. Håpet er at dette vil føra til at rommet innbyr til fellesskap, til dei gode samtalane og samstundes har plass til alle som vil delta.

Samstundes er ikkje håpet og draumen om eit meir egna bygg lagt heilt på is. Soknerådet drøymmer og håper, og frå tid til anna ser ein på andre løysingar sjølv om ein ikkje arbeidar med konkrete planar.

Frivillig arbeid

Det er ingen tvil om at det er mange driftige frivillige i sving for kyrkjelyden. Alt frå folda hender i bøn heime i sofaen, til kaffikoking på kyrkjekaffien, hakking av grønnsaker på Kniv&Gaffel, heimegruppeledere, småreparasjonar, utdeling av nattverd, sølvpuss, speiderleder, ledere på Gloria, tepperens, blomsterhelsingar til jubilarer, sundagsskulelærar. Denne oppramsinga viser bare litt av bredden av det frivillige arbeidet som skjer.

Utan alle desse frivillige timane hadde me ikkje kunne drevet det arbeidet me gjer.

Me har alltid frivillige oppgåver som treng å løysast. Me ynskjer at det skal vera rom for å melde seg sjølv som frivillig og at ein skal kunne bidra etter det ein sjølv har kapasitet til.

Har du lyst å bidra med noko, smått eller stor, eller har innspel til arbeidet ynskjer me å få tilbakemelding om det.



Statistikk

	2021	2022	2023	2024	2025
Døpte	63	73	62	65	61
Konfirmerte	71	84	82	78	88
Vigslar	27	30	18	23	17
Gravferder	43 (50*)	55	47	50	42
Gudstenestar (sundag og heilagdag)	71	66	68	64	60
Familiegudstenestar	8	10	9	8	9
Andre gudstenestar	6	8	5	7	11
Gudstenestedeltakarar (snitt)	7321 (95)	10261 (139)	11766 (161)	13528 (190)	13987 (197)
Nattverdgjestar (snitt)	1232 (77)	2915 (94)	3537 (95)	3756 (121)	3722 (125)
Gjevarteneste	188500	188200	193451	243100	247800
Innmeldte	6	2	4	12	8
Utmeldte	16	17	25	21	17

* På grunn av stengt kyrkje i januar og februar 2021 var gravferda frå ei anna kyrkje, men den døde er gravlagt på gravplassen på Varhaug.



Arbeid for familiar, barn og unge

Kniv&Gaffel



Ein fredag i månaden samlast me i kjellaren på Vigrestad misjonshus til andakt, taco, sosialt samvær, og aktivitetar for barna. Det er frivillige på kjøkken, medan stab ordnar innkjøp og dekking. Frivillige ungdommar bidreg rundt formingsbordet, medan andre frivillige held oppe på «Låftet» for dei som er frå 4. klasse og oppover. Tilbakemeldingane frå deltakarane er god, og mange kjem fast. På samlingane er det eit snitt på 72 deltakere. Kniv&Gaffel er eit lokallag i NSMU og her har 58 personar betalt medlemskap i 2025.

Tilbodet er eit samarbeid mellom NMS Vigrestad og Varhaug kyrkje.

Baby- og småbarnssang

Arrangementet har som mål å skape ein lågterskel sosial møteplass for foreldre med små barn. Det er Baby- og småbarnssang i festsalen ved kyrjekontoret onsdagar i partalsveker frå kl.10.00- ca.11.30. Ei samling med Baby- og småbarnssang inneheld både sang og musikk, leik, sosialt samvær og frivilleg medbrakt lunsj. I 2025 var det 19 samlingar, og 56 stk. har vore innom på dette drop- in tilbodet i løpet av året. Det utgjør ca. 19 % av medlemmane. I gjennomsnitt har det vore 13-14 barn på samlingane. Det var 10 betalande medlemmar.



Babysang Stokkalandsmarka

Annakvar onsdag kl. 11.30 samlast me til song og sosialt i Menighetshuset i Stokkalandsmarka. Før sangsamlinga er det tilbod om felles lunsj med dei som har vore på småbarnssang. I år har det vore 19 samlingar og i snitt 3 barn per samling. Det var 19 betalande medlemmar.



Småbarnssang Stokkalandsmarka

Annakvar onsdag kl. 10.00 samlast me til song og sosialt i Menighetshuset i Stokkalandsmarka. Etter sangsamlinga et me felles lunsj med dei som kjem på babysang. I år har det vore 19 samlingar og i snitt 17 barn per samling. Det var 26 betalande medlemmar.

Barseltapas

Det kom ein ide om å skapa ein arena kor ein kan knytta nye bånd og nyta eit godt måltid saman i Stokkalandsmarka menighetshus. Eit par frivillige starta opp i vår og ein har hatt 5 samlingar i 2025. På samlinga har alle med seg ein rett til tapasbordet og det er god tid til både mat, fellesskap og lek for barna. Det er og ein kort andakt som er retta mot dei vaksne. Dørene opnar kl. 10.00 og ein avslutter kl. 13.30.



Flokken søndagsskule

Flokken søndagsskule held til i kyrkjestova og har fått med ein ungdom i 2025. Kvar samling inneheld bibelforteljingar, song og musikk og litt leiker. I 2025 var det 33 samlingar med eit gjennomsnitt på ca.12 barn. Det varierar kor mange som deltek kvar gong, og det er færre barn som deltek når det ikkje er dåp i kyrkja. Det var 12 betalande medlemmar.



4-årsboka

21.- 23. november var 4-åringane inviterte til kyrkja. Fredag og laurdag hadde ein samlingar med bibelforteljing om sauene som gjekk seg bort, og i tillegg hadde me song og musikk, ein formingsaktivitet og lek. Søndag fekk barna utdelt «Barnebibelen – Tidlause bibelhistoriar» på familiegudstenesta. 36 born deltok frå Varhaug og Vigrestad. Det utgjør 69 % av medlemmane på årskullet. I tillegg deltok 14 barn frå Stokkalandsmarka.



Barabbassamling (5-åringar)

Alle barn som skal byrja på skulen til hausten vart invitert til kyrkja før påske for å høyra påskeforteljinga gjennom Barabbas sine auge. I tillegg hadde me song og musikk, ein formingsaktivitet og litt lek. I 2025 var det 17 barn som deltok på samlinga frå Varhaug og Vigrestad. Det utgjør 37 % av medlemmane på årskullet. I tillegg deltok 3 barn frå Stokkalandsmarka.

Dåpsskulen (1. klasse)

Dåpsskulen er eit tiltak for 1. klasse med 5 samlingar. Kvar samling inneheldt song og musikk, andakt og ein formingsaktivitet. Dåpsskulen vart avslutta med ei familiegudsteneste kor deltakarane fekk boka «Den usynlege venen» av Kari Vinje. Det var 16 barn som deltok på

dåpsskulen frå Varhaug og Vigrestad, og det utgjer 25 % av medlemmane. I tillegg deltok 4 barn frå Stokkalandsmarka.

Speidaren i Stokkalandsmarka (2. klasse og oppover)

Speidaren i Stokkalandsmarka har to grupper; ei for 2. og 3. klasse, og ei for 4. klasse og oppover.

Det er med mange frivilige på begge gruppene - utan deira innsats hadde det ikkje vore mogleg å driva speidararbeidet.

Eit speidarmøte inneheld flagguttrulling, andakt, bøn, speidaraktivitet og avslutning med speidarbøn og speidarselsing. Me har gjennom året fokus på at ein speider tek vare på seg sjølv, andre og naturen rundt seg.

Det har vore tilbod om å reisa på oppdagercamp ei helg i mai for speidaren i 2. og 3. klasse. Her var det for få påmeldt til at det vart tur.

Speidarne i 4. klasse og oppover var i Sælandsskogen ved speidarhytta til Bryne KFUK/KFUM på hengekøyetur første helga i april. Alle

speiderne, og ledere, sov ute i hengekøyer. Det var ei kald natt, men veldig god stemning blant både speidere og ledere.



I september reiste 8 speidare i 4. og 5. klasse til Alsvik natursenter på stifinnerekspedisjonen. Dette er ei helg fylt med aktivitetar og med ulike konkuransar undervegs. Gruppa frå Stokkalandsmarka kom på 2. plass denne helga, noko som var veldig stas!

Det var 84 betalande medlemmar i speidaren. 114 barn er registrert som deltakar på eitt eller fleire møter.

Gloria dansegruppe (frå 3. klasse)



GLORIA

Gloria dansegruppe er for barn som går i 3.klasse og oppover. Ei samling inneheld dans, andakt og leik. Me øver måndag i partalsveker i festsalen ved kyrkjekontoret. 9. mars og 19 okt. deltok Gloria med dans på fam. gudstenesta i Varhaug kyrkje. 1 juni deltok dei med dans under Markensgudstenesta i Varhaug sentrum. I 2025 var det 19 øvingar der det i snitt deltok 22

barn pr. samling frå Varhaug og Vigrestad. 38 barn har vore innom i løpet av året, det utgjer 19 % av medlemmane. Det var 26 betalande medlemmar.

Tårnagent (3. klasse)

Tårnagenthelga 2025 var 18-19 januar. Her vert barna invitert til ein laurdag med agentløype, mysterieløysing, spenning og undervisning om kjente bibelforteljingar. Barna skal få bli kjent med si eiga kyrkje, kva symbola i kyrkja betyr, og korleis kyrkja kan fortelja oss, gjennom sine symbol, om Jesus. 32 born møtte opp frå Varhaug og Vigrestad, det er 50% av medlemmane. I tillegg deltok 3 barn frå Stokkalandsmarka.



Petersamling (4. klasse)

Ein laurdag i september. Tema for samlinga er: Kva er ein menneskefiskar? Under samlinga formidla me historia om Peter slik som den vert presentert i boka «Peter – fiskeren som blei menneskefisker». Me hadde og lagt til ei trusvandring inne i kyrkja med ulike «postar». 14 barn deltok frå Varhaug og Vigrestad. Det utgjer 19% av dei døypte. I tillegg deltok 2 barn frå Stokkalandsmarka.

B-tweens (frå 5. klasse)

B-tweens er ei samtale- og aktivitetsgruppe for tweens som går i 5. til 7. klasse.

B-tweens opplegget er delt inn i to deler.

Første del er ein undervisningsdel

med tema; livet og trua, så samtalegrupper eller konkurransar om temaet. Den andre delen er ein formingsaktivitet, kor ein lagar enkle ting som deltakarane får med seg heim. I 2025 har me brukt episodane til «Viggo og Chris for tweens», opplegg frå «biblekids» m.m

I 2025 var det 19 samlingar, der det har vore innom 58 barn i løpet av året. I gjennomsnitt deltok 18-19 barn frå Varhaug. Det er 21% av medlemmane. Det har vore 19 betalende medlemmar.



Bibel- og Pizzakveld (5. klasse)

Bibel- og Pizzakveld er det som tidlegare vart kalla for Bi-Pi-Ki. På samlinga får deltakarane utdelt Det nye Testamentet. Dei får ei innføring i korleis ein bruker Bibelen, og har ei trusvandring med ulike oppgåver ute før samlinga vert avslutta med pizza. 28 barn deltok frå Varhaug og Vigrestad fredag 23. mai, det utgjer 38 % av medlemmane. I tillegg deltok 2 barn frå Stokkalandsmarka.

Kode B (6. klasse)

Kode B har 5 samlingar fredagar om hausten. Ei samling inneheld lek, aktivitet, undervisning, dans, sang og samtale. Samlingane er bygd opp rundt dei 4 B'ar; Bønn, Bibel, Brorskap og Brødsbryting. På siste samling hadde me tacofest og kåring av vinnarar i byggjekonkurransen. Samlingane vart avslutta med ein kort andakt, bønn og lystenning inne i kyrkjerommet. 28 barn deltok frå Varhaug og Vigrestad og det utgjer 38 % av medlemmane. I tillegg deltok 5 barn frå Stokkalandsmarka.



Lys Vaken (6. klasse)

Lys Vaken er eit arrangement der deltakarane skal få kjenne at dei høyrer til i kyrkja. Me overnatta i kyrkja laurdag 24 mai til sundag 25 mai, og avslutta med fam.gudsteneste sundagen. Tema for LysVaken er Kristi himmelfart, misjonsbodet, pinse og kva det har å seie for oss i dag. Undervisning, trusvandring, leik og konkurransar, forming, film og pizza er noko av innhaldet på arrangementet. Det deltok 15 barn frå Varhaug og Vigrestad, som utgjør 22% av medlemmane. I tillegg deltok 4 barn frå Stokkalandsmarka.



Speidargudsteneste og misjonstivoli



I forkant av gudstenesta besøker ein tilsett frå kyrkja dei ulike lokale speidargruppene og snakkar litt om gudstenesta, samt høyrer om nokon speidarar vil delta med lesing eller forsangarar på gudstenesta. Sundag 27. april 2025 deltok speidarane frå Varhaug KFUK/KFUM og Stokkalandsmarka KFUK/KFUM på familiegudstenesta i kyrkja. Dei gjekk inn med flaggborg, stod flaggvakt og deltok med lesingar i gudstenesta. Etter gudstenesta arrangerte speidargruppene speidartivoli i Varhaug sentrum til inntekt for KPK Ukraina sitt arbeid.

KonfACTION (8. klasse)

Dette er ein stor leir med ca. 1000 konfirmantar i regi av KRIK (Kristen idrettskontakt). Det var 41 ungdommer (ein høyrer til Oгна sokn) og 10 leiarar (kateket, 3 foreldre og 6 ungdomsleiarar) som reiste på årets KonfAction.

Konfirmantar (9. klasse)

I januar var konfirmantane fire gonger i heimegrupper. Det var 13 heimar på Vigrestad og Varhaug som tok imot ei gruppe konfirmantar. Dette er viktige samlingar som set spor hos konfirmantane, og me set stor pris på at folk har lyst til til å opna heimane sine for konfirmantane.

Alle konfirmantar i Nærbø kyrkje, Varhaug kyrkje og Ogn kyrkja samlast ein fredagskveld i Ognahallen til KonfCUP. Konfirmantane spelar kampar i bobbelfotball, tvillinghockey og sittefotball. Det er veldig kjekt å samle alle konfirmantane. Mange foreldre bidreg og denne kvelden, noko me er takknemlege for.

Dei to første helgene i mai vart 88 ungdommar konfirmert i kyrkja.

Hausten 2025 var 70 konfirmantar påmeldte til konfirmantundervisning. Det er 88 % av aktuelle frå Vigrestad/Stokkalandsmarka og 53 % av aktuelle frå Varhaug som er konfirmantar.

Konfirmantåret starta med presentasjonsgudsteneste i kyrkja og Konfirmanthappingen på Jærgårds, Klepp. Utover hausten har det vore seks samlingar i kyrkja.

Ung lederkveld (12-17 år)

Me arrangerer ein ung lederkveld på våren og ein på hausten som takk til alle unge frivillige som har vore med på ulike oppgåver i kyrkjelyden. Me ønsker å "gje" noko tilbake og vise at dei unge frivillige er utruleg viktige i arbeidet i kyrkjelyden.

Det vart arrangert eit sosialt opplegg for unge frivillege i festsalen ved kyrjekontoret i juni, der opplegget var andakt, taco, kahoot og «Mesternes mester». Bordet var fint dekket, og stemninga blant dei unge frivillege var god.

I november organiserte me ein kveld med bowling og mat på Bryne, der me reiste med tog.



Statistikk

Denne tabellen er ei oversikt over dei avgrensa tiltaka me har, der eit årskull blir invitert. Tala viser kor mange som var med og % av døypte/medlemmar i soknet på årskullet

Aldersgruppe	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Utdeling Bibel 4-åringar	76 % (47 stk)	79% (52 stk)	63 % (31 stk)	72 % (44 stk)	91% (41 stk)	69% (36 stk)
Barabbas 5-åringar	avlyst	avlyst	67 % (42 stk)	avlyst	22% (11 stk)	37% (17 stk)
Dåpsskule 1. klasse	64 % (45 stk)	39% (29 stk)	35 % (25 stk)	49 % (30 stk)	41% (26 stk)	25% (16 stk)
Tårnagentar 3. klasse	81 % (79 stk)	71% (45 stk)	43 % (30 stk)	45 % (33 stk)	64% (47 stk)	50% (32 stk)
Petersamling 4. klasse	avlyst	32% (20 stk)	21 % (15 stk)	26 % (19 stk)	30% (22 stk)	19% (14 stk)
Bibel og Pizza - utdeling av NT 5. klasse	23 % (24 stk)	49% (42 stk)	39 % (39 stk)	54 % (34 stk)	39% (27 stk)	38% (28 stk)
Kode B 6. klasse	14 % (14 stk)	16% (14 stk)	17 % (17 stk)	32 % (20 stk)	30% (21 stk)	38% (28 stk)
LysVaken 6. klasse	avlyst	22% (22 stk)	24 % (21 stk)	29 % (29 stk)	32% (21 stk)	22% (15 stk)
KonfAction 8.klasse	avlyst	avlyst	40 % (37 stk)	43 % (43 stk)	37 % (37 stk)	38 % (40 stk)
Konfirmantar 9. klasse	94 % (75 stk)	90% (64 stk)	82 % (81 stk)	82 % (82 stk)	72 % (80 stk)	84 % (88 stk)

Barnehage/skule-kyrkjesamarbeid

Besøk i barnehagane til påske

Alle barnehagane i soknet får tilbod om besøk frå kyrkja i forkant av påska. På besøket vert påskehistoria fortalt samstundes som vi viser fram ei rekke gjenstandar knytt til bodskapen. I 2025 besøkte kyrkjelydspedagog Kathrine Håland Varhaug 6 barnehagar før påske.

Påskevandringar

Målet med påskevandringane er at elevane skal verta kjent med forteljingane som er bakgrunn for dei enkelte dagane som vert brukt i vår kalender i påsken. Desse forteljingane og opplegget er knytta opp mot formålet med KRLE faget ved å «gi kjennskap til den betydning kristendommen har som kulturarv for samfunnet vårt»

Påskevandringane vart gjennomført på eit uteområde i nærmiljøet til skulane. 4. og 6 trinn ved Varhaug skule og 4. trinn ved Vigrestad skule var med på påskevandringa. Sokneprest Per Kjartan Veggeland, dagleg leiar Turid Boganes, kateket Siri Aarsland og kyrkjelydspedagog Kathrine Håland Varhaug gjennomførte opplegget.



Julevandringar

Før jul fekk barnehagane på Varhaug og Vigrestad tilbod om å koma til kyrkja på julevandring. Alle 6 barnehagar deltok. Kyrkjelydspedagog Kathrine Håland Varhaug var ansvarleg for julevandringane. Kjersti Olimb Salte og Siri Aarsland var med nokre gonger kvar.

Barna i Stokkalandsmarka barnehage kom til menighetshuset i Stokkalandsmarka. Her var det kyrkjelydspedagog Maria Hegre og dagleg leiar Turid Boganes som gjennomførte vandringane.

Gudstenestar for skulane

Til påske kom Vigrestad skule med 1.- 4. klasse til gudsteneste. Her var det sokneprest Per Kjartan Veggeland som heldt gudstenesta saman med kantor Ragnhild Elisabeth Hoel.

Til jul vart det gjennomført fire julegudstenestar for skulane. Varhaug skule hadde delt skulen opp i to; 1. – 4. klasse og 5. – 7.klasse. I tillegg var det ei julegudsteneste for Varhaug ungdomsskule 7. – 10. trinn og ei for Vigrestad storskule 5. – 10. trinn. Sokneprest Per Kjartan Veggeland heldt desse fire gudstenestane saman med kantor Ragnhild Elisabeth Hoel.

Teikningar i kyrkja til høgtidene

Ulike trinn på Varhaug skule, Vigrestad skule og Vigrestad storskule har alle bidrege med teikningar til kyrkja til jul og påske.

Anna samarbeid

Kyrkja, skulane og barnehagane har god dialog og me opplever at både skular og barnehagar tek kontakt om dei ulike tilbod me har. Kvart år er det og klassar eller enkeltgrupper som har omvisning i kyrkja etter at skulen har teke kontakt.



Diakonalt arbeid

Spød&Drøs

Spød&Drøs har samlingar i festsalen på kyrkjekontoret annan kvar onsdag kl.11.00 – 13.00. Det er godt oppmøte og god drøs på samlingane, både for dei med og utan spøt.

Forbøn for arbeidet i soknet

Til kvart semester vart det laga eit eige bønnebrev for arbeidet i soknet som ligg i kyrkjestova og på heimesida. Dei som ynskjer dette bønnebrevet kan ein få tilsendt på e-post ved å registra seg på heimesida.

Kvardagsbøn

Kvardagsbøn er ei enkel samling med tidebøn og bøn for kyrkjelyden og andre bønneemner som vert nemt. Eit snitt på 5 – 6 var samla annakvar tysdag. Soknepresten leiar desse samlingane.

Andaktar på institusjonar

Varhaug bu- og velferdssenter, Vigrestad bu- og velferdssenter og Klokkekarhagen sjukeheim får jamnleg besøk av frivillige andaktshaldarar, sokneprest og diakonimedarbeidar som held andaktssamlingar for brukarar og bebuarar. Det er også mange frå Varhaug sokn som bur på Hå sjukeheim. Der er det andaktar kvar veke og gudsteneste ein gong i månaden.



Fasteaksjonen 2025

Fasteaksjonen vart gjennomført som vanleg og diakoniutvalet hadde ansvar for å senda ut og å ta imot konfirmantane. Tema var «Håp i en dråpe vann». Denne kvelden vart det samla inn 136 668 kr i Varhaug sokn.

Diakoniens dag

Diakoniens dag vart markert på gudstenesta 5. oktober. På denne gudstenesta vart det lagt spesiell vekt på forkynning av og informasjon

om diakoni i gudstenesta. Diakoniutvalet deltok med tekstlesing, nattverd og kyrkjekaffi.

Åremålsbesøk

Besøk til alle som fyller 80 og 85 år av diakoniutvalet. Dei som fylte 90, 95 og 100 år fekk besøk av diakoniarbeidar eller sokneprest.

Julehelsingar

Frivillige frå Vigrestad og Varhaug og diakoniutvalet gjekk med blom og helsing til alle over 85 år.

Minnegudsteneste 12. januar

Det var ei verdig og fin gudsteneste med tale av diakoniarbeidar Kjersti Olimb Salte og flott musikk av kantor Ragnhild Elisabeth Hoel og fiolinist Lars Ole Bergersen. Diakoniutvalet bidrog med ulike oppgåver.

Oppfølging av etterlatne

Diakonimedarbeidaren følgjer opp dei etterlatne med først å sende brev til den som er kontakt for familien i gravferda og ringa til vedkommande etter ei stund for å høyre korleis det går. Nokre gonger treng dei etterlatne meir enn ein samtale per telefon. Då har me ulike tilbod; enkeltsamtalar med diakonimedarbeidaren og ulike sorggrupper for vaksne.

Alle kontaktar for dei etterlatne får brev med informasjon om sorggrupper for vaksne som er eit diakonalt samarbeid mellom kyrkjelydar i Jæren prosti og Sandnes prosti. Det er fleire ulike grupper ut i frå aldar og situasjon.



Diakonalt arbeid i samarbeid med andre kyrkjelydar

Vi samarbeider om pilegrimsvandringar, onsdagskaffien på Nærbø og tilrettelagt gudsteneste. KiA i Hå har Global kafe kvar fredag på Nærbø.

Varhaug sokneråd

Faste representantar:

Elsa Siqveland (leiar)

Rannveig Rugland Haugstad (nestleiar)

Solvor Rasmussen

Reidar Varhaug

Ståle Ånestad

Ingar Auklend

Per Kjartan Veggeland (sokneprest)

Turid Boganæs (dagleg leiar, saksbehandlar og sekretær, utan stemmerett)

Vararepresentantar:

Inger Varhaug

Peter Vagle

Anne Jorunn Aarsland

Turid Stavnem Høyenes

Varhaug sokneråd har i 2025 hatt 7 møter. Det har handsama 35 vedtakssaker og 8 drøftingssaker.

Representantar i Hå kyrkjelege fellesråd frå Varhaug sokneråd

Solvor Rasmussen

Ingar Auklend

Reidar Varhaug (vara)

Utval

Undervisningsutval

Turid Stavnem Høynes (Leiar)

Ståle Ånestad

Ida Emilie Westen

Marthe K. Østerud Primstad

Siri Aarsland (kateket)

Kathrine Håland Varhaug (kyrkjelydspedagog)

Utvalet har skifta namn frå trusopplæringsutval til undervisningsutval og har hatt 1 møte.

Diakoniutval

Guri Skrettingland

Magnhild Siqveland

Ingunn Alice Einervoll

Mikal Siqveland

Harry Waldeland

Anne Jorunn Aarsland

Reidar Varhaug

Kjersti Olimb Salte (diakoniarbeidar)

Diakoniutvalet har hatt 4 møter.

Gudstenesteutval

Karin Skrettingland

Inger Varhaug

Rannveig Rugland Haugstad

Per Kjartan Veggeland (sokneprest)

Raghild E. Hoel (kantor)

Gudstenesteutvalet hadde ingen møter i 2025.

Tilsette og frivillige

Tilsette med hovudvekt i Varhaug sokn

Stilling	Stillingsbrøk	Namn
Sokneprest	100%	Per Kjartan Veggeland
Dagleg leiar	80%	Turid Boganæs (80% frå 1.8.25)
Kantor	80%	Ragnhild E. Hoel
Kateket	80%	Siri Aarsland
Kyrkjelydspedagog	90%	Kathrine Håland Varhaug
Kyrkjelydspedagog, vikar	30 %	Ingeborg Løge Hølland
Kyrkjelydspedagog, vikar	30 %	Maria Hegre (frå 1.12.25)
Ungdomsarbeidar	10%	Sigve Kydland
Kyrkjetenar, helg	10%	Rune Klausen
Kyrkjetenar, helg	10%	Reidar Varhaug
Kyrkjetenar, helg	10%	Johannes Lima Olsen
Reinhalder, Varhaug kapell	10%	Thilda Øgreid Skretting
Diakonimedarbeidar i Hå	100%	Kjersti Olimb Salte

Tilsette i Varhaug sokn gjer ein flott innsats for arbeidet i kyrkja, og soknerådet vil rette ein stor takk til alle tilsette.

Forutan arbeidet dei tilsette gjer, er soknerådet heilt avhengige av den enorme frivillige innsatsen som vert lagt ned i Varhaug sokn. Det er mykje dugnadsinnsats som vert gjort på mange ulike arenaer – både på sundagar og i vekene - for born, vaksne og eldre, i bøn og gjennom aktiv deltaking i aktivitetar og utval.

Tusen takk for all tid og krefter de bruker i arbeidet!

Fast gjevarteneste



Arbeidet du på dei førre sidene har fått presentert er stort, og det aller meste er heilt gratis å delta på. Difor er me heilt avhengige av økonomiske gåver, takkoffer, testamentariske gåver og gjevarteneste.

Alle som bidreg som faste gjevarar er med og gir soknerådet høve til å planleggja arbeidet med budsjett og prioriteringar av kva som er viktig.

Alle som er med som faste gjevarar får automastisk gåva rapportert inn til skatteetaten som igjen gir rett til fråtrekk på skatten.

For å bli med som fast giver: Ta kontakt med banken din og **opprett eit fast trekk til 3335.27.29766.**

Og til deg som allereie er med; kanskje du kan vurderer å auka det månedlege beløpet ditt?

For kvar gjevar som auker med 500 kr per måned utgjør det 6000 kr per år. Og om 10 personar aukar med 500 kr utgjør det 60 000 kr!

Og til alle som er med og gjev til kyrkjelydsarbeidet, anten i takkoffer, fast gjevar eller andre gåver: **TUSEN TAKK FOR BIDRAGET!**